



DEN NORSKE KYRKJA

Askvoll sokneråd

Møteprotokoll for Askvoll sokneråd

Tid: 04.04.2017 kl. 15:15-17:15

Stad: ASKVOLL

Frammøtte:

Jostein Gryte	Leiar
Else Stølen	Medlem
Aud Eldrid Frøholm	Medlem
Ingvild Loftheim	Medlem
Harriett Norstrand	Medlem
Terje Mork	Medlem
Halldis Rørvik	Medlem
Karen Anny Espedal	Varamedlem
Åge Guddal	Varamedlem
Reidar Knapstad	Varamedlem

Forfall:

Anne Grethe Lien	Medlem
Leif Jørgen Leknes	Medlem
Wenche Ness Gabrielsen	Nestleiar
Arne Fedøy	Medlem
Stein Hugo Fykse	Medlem

Møtande frå administrasjonen:

Rune Ziener	Kyrkjeverje
-------------	-------------

Saker handsama på møtet:

Saksnr	Uoff	Tittel	Sakshandsamar
SR 2017/18		Godkjenning av innkalling og dagsorden	RUNE ZIENER
SR 2017/19		Godkjenning av protokollen frå møte Askvoll sokneråd 21.02.2017	RUNE ZIENER
SR 2017/20		Skriv, meldingar og drøftingar	RUNE ZIENER
FR 2017/21		Årsrekneskap og årsmelding 2016	RUNE ZIENER
FR 2017/22		Opprusting av dåpssakristiet i Askvoll kyrkje	RUNE ZIENER
FR 2017/23		Budsjettjustering 2017	RUNE ZIENER
FR 2017/24		Ny køyretilkomst/port til Gjelsvik gravplass	RUNE ZIENER

Askvoll, 04.04.2017

Rune Ziener
Referent

SR 2017/18 Godkjenning av innkalling og dagsorden

UTGREIING

INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd godkjenner innkalling og dagsorden slik dei ligg føre.

MØTEHANDSAMING

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd godkjenner innkalling og dagsorden slik dei ligg føre.

SR 2017/19 Godkjenning av protokollen frå møte i Askvoll sokneråd 21.02.2017

UTGREIING

INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd godkjenner protokollen frå møtet i Askvoll sokneråd 21.02.2017 som den ligg føre.

MØTEHANDSAMING

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd godkjenner protokollen frå møtet i Askvoll sokneråd 21.02.2017 som den ligg føre.

SR 2017/20 Skriv, meldingar og drøftingar

UTGREIING

Følgjande skriv og meldingar vart lagt fram i møtet:

M 2017/14 Kyrkjelydsutvalet i Askvoll: Referat frå møte

M 2017/15 Kyrkjelydspedagogstillinga i Askvoll. 2. gongs utlysing.

M 2017/16 Presteressursane framover. Orientering ved Reidar Knapstad. Frå august vil Askvoll få tilført omkring 20% prostiprestressurs (sokneprest i Hyllestad, Audun Systad).

M 2017/17 Vågane gravplass. Rapport frå Sæle AS etter erosjonsvurdering av elva Grova.

INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd tek dei framlagde skriv og meldingar, og drøftingane til orientering.

MØTEHANDSAMING

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd tek dei framlagde skriv og meldingar, og drøftingane til orientering.

FR 2017/21 Årsrekneskap og årsmelding 2016

UTGREIING

Etter Forskrift om økonomiforvaltningen for kirkelige fellesråd og menighetsråd i Den norske kirke § 5-1, 4. ledd, skal rådet sjølv vedta årsrekneskapen, og vedtaket skal angi disponering av evt. mindreforbruk/dekking av evt. meirforbruk.

Årsrekneskapen 2016 for Askvoll sokn er lagt fram av kyrkjeverja 21.03.2017.

Totalt har ein eit mindreforbruk i driftsrekneskapen på kr 153.943,-. Soknerådet står fritt til disponering av overskotet.

Kyrkjeverja tilrår at udisponert beløp i investeringsrekneskapen skal nyttast til investeringsføremål, då til prosjekt 1002, Kvammen kapell, der ein pr. 2017 framleis ikkje har fullfinansiering. Førebels er det i investeringsrekneskapen inntektsført bruk av disposisjonsfond som overskrir tilgjengeleg fondsramme, denne kan ein redusere tilsvarende ved bruk av mindreforbruket frå 2016.

Ein får med kyrkjeverja si tilråding slik budsjettendring for 2017:

INVESTERINGSBUDSJETT		Utg. opp/ innt.ned	Utg.ned/ innt.opp
49480.200.04200.000.1002.0	Bruk av ubunde kapitalfond	154.000,-	
49300.200.04200.000.1002.0	Bruk av tidl. års rekneskaps mindreforbruk		-154.000,-
	Sum	154.000,-	-154.000,-

Kyrkjeverja har vidare utarbeidd forslag til årsmelding for 2016 og denne vert føreslege vedteke som den ligg føre.

INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd vedtek årsrekneskap og årsmelding som dei ligg føre i forslag frå kyrkjeverja.
2. Mindreforbruk i driftsrekneskapen vert nytta i samsvar med forslaget frå kyrkjeverja.

MØTEHANDSAMING

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd vedtek årsrekneskap og årsmelding som dei ligg føre i forslag frå kyrkjeverja.
2. Mindreforbruk i driftsrekneskapen vert nytta i samsvar med forslaget frå kyrkjeverja.

FR 2017/22 Opprusting av dåpssakristiet i Askvoll kyrkje

UTGREIING

Dåpssakristiet i Askvoll kyrkje framstår i nokon grad som slitt, vannskada og lite funksjonelt. Kyrkjelydsutvalet i Askvoll har denne våren arbeidd med ein plan for fornying av dåpssakristiet, slik at det vert meir funksjonelt, og det vert betre tilrettelagt for mellom anna servering i kyrkja og betre lagringskapasitet.

I hovudsak går fornyingsplanane på at eksisterande kjøkkenseksjon vert bytta ut med ein større seksjon.

Utvalet ønskjer også at det vert kjøpt inn ein oppvasksteamer til sakristiet, slik at det vert mindre bruk av eingongsservice.

Fornyingsplanane krev at det vert utført noko elektrisk- og rørleggararbeid, mellom anna med å legge opp ein ny og kraftigare straumkurs og installering av ny varmtvannsberedar.

Det er tilgjengeleg i overkant av kr 51.000,- i bunde fondsmidlar knytt til Askvoll kyrkje. Kyrkjeverja har utarbeidd eit kostnadsestimat for fornyinga:

Kjøkken	15 000
Oppvasksteamer	15 000
Elektrisk	5 000
Rørleggar	10 000
Sum	<u>45 000</u>
Bruk av bunde fond	-45 000
Differanse	<u>0</u>

Kyrkjeverja har utarbeidd teikning av kjøkkenet, som kyrkjelydsutvalet stillar seg bak.

Saksvedlegg: Teikning av nytt kjøkken.



3D-skisse



3D-skisse ovanfrå.

INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd vil fornye dåpssakristiet i Askvoll kyrkje, og går inn for å kyrkjelydsutvalet sitt fornyingsforslag.
2. Fornyinga vert finansiert med bruk av bunde fond knytt til Askvoll kyrkje.

MØTEHANDSAMING

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd vil fornye dåpssakristiet i Askvoll kyrkje, og går inn for å kyrkjelydsutvalet sitt fornyingsforslag.
2. Fornyinga vert finansiert med bruk av bunde fond knytt til Askvoll kyrkje.

FR 2017/23 Budsjettjustering 2017

UTGREIING

Nye forhold gjer det nødvendig å gjere nokre budsjettjusteringar i både drifts- og investeringsbudsjett 2017.

Kvammen kapell: Rehabilitering av takkonstruksjonen (1002)

Prosjektet er budsjettet i investeringsbudsjettet for 2017.

I budsjettvedtaket er sett kr 431.000,- frå ubunde kapitalfond for å delfinansiere prosjektet. Her er ikkje meir enn kr 159.617,- i bunde investeringsfond pr. 01.01.2017. Ein treng altså kr 271.000,- ekstra finansieringsmidlar for å fullfinansiere prosjektet.

Forutsett at mindreforbruk i driftsrekneskapen 2016 vert nytta til dette prosjektet i samsvar med forslaget frå kyrkjeverja, vil resterande finansieringsbehov frå disposisjonsfondet vere kr 117.000,-.

Forslag til restfinansiering (budsjettjustering):

Frå disposisjonsfond fellesrådsmidlar*	Kr -113.000,-
Auka bruk av bunde fond Kvammen kapell	Kr -4.000,-
Total	Kr -117.000,-

* Ved å bruke 113.000,- her, vil ein gå kr 8.000,- over summen som var planlagt brukt til andre vedlikehaldsprosjekt utsett frå 2016. Desse kr 8.000,- vil ein måtte finne inndecking for ein annan plass.

Forprosjekt. Utviding av sakristidelen på Vilnes kyrkje

I soknet og kommunen sin økonomiplan for 2018 ligg det inne 2 millionar til utviding av sakristidelen på Vilnes kyrkje. Dette heng dels saman med arealbehov for å få plass til eit teknisk rom i samband med planlagt installasjon av automatisk slokkeanlegg i kyrkja, og dels saman med behovet for eit tilfredsstillande sanitæranlegg tilpassa dagens behov i tilknytning til kyrkja.

COWI AS som har arbeidd med prosjektering av brannvarslings- og slokkeanlegg til Vilnes kyrkje har samarbeidsavtale med arkitekt. Dei estimerer om lag 15 timars arbeid for å utarbeide arkitektskisser for utvidinga av sakristidelen, som mellom anna skal kunne tene som grunnlag for godkjenning frå biskop og Riksantikvar.

Det kan vere ein fordel å komme i gang med teikningsarbeidet, og få sett i gang ein godkjenningsprosess så snart som mogleg, då slike prosessar erfaringsmessig tek tid. Det er tilgjengelege fondsmidlar knytt til Vilnes kyrkje. Desse utgjer kr 61.327,- etter frådrag av fondsfinansiert finansiering av lyssetting ved, og utviding av parkeringsplass ved Vilnes.

Motteke kostnadsestimat for konsulenttenester/prosjekteringskostnader i samband med ei utviding av sakristidelen på kyrkja er på kr 57.000,-.

Riksantikvaren og bispekontoret er med på synfaring ved Vilnes kyrkje 5. april, og ein vil då presentere alle planane soknet har for Vilnes kyrkje den neste tida.

Forslag til budsjettjustering:

Forprosjekt for utviding av sakristidelen på Vilnes kyrkje	Kr 14.000,-
Bruk av bunde fond knytt til Vilnes kyrkje	Kr -14.000,-
Differanse	0,-

Opprusting av dåpssakristiet i Askvoll kyrkje (nytt prosjekt i driftsbudsjettet)

Kyrkjelydsutvalet i Askvoll ønskjer at dåpssakristiet i Askvoll kyrkje vert opprusta. Særleg dåpssakristiet sin kjøkkeninnreidning er slitt/fuktskada og lite funksjonelt, og ønskjer å bytte ut dette. For å lette bruken av sakristiet til servering, ønskjer utvalet også å kjøpe inn ein oppvasksteamer. Installasjon av ein slik krev elektrisk- og rørleggararbeid. Det er utarbeidd eit forslag til ny kjøkkeninnreidning til sakristiet (sjå vedlegg).

Kostnadsestimat for fornyinga er kr 45.000,- som kan verte finansiert med fondsmidlar knytt til Askvoll kyrkje.

Det er pr. 01.01.2017 kr 51.283,- i bunde fondsmidlar til Askvoll kyrkje.

Forslag til budsjettjustering:

Bruk av bundne fondsmidlar knytt til Askvoll kyrkje	Kr -45.000,-
Utstyr og inventar	Kr 45.000,-
Differanse	0,-

Ny løpar til Holmedal kyrkje

Løparen til Holmedal kyrkje var opphavleg lagt inn i budsjett for 2016, finansiert med bruk av bunde fond knytt til Holmedal kyrkje. Grunna sein levering, vart ikkje dette innkjøpet rekneskapsført før i 2017. Dette må ein innarbeide i budsjettet for 2017

Forslag til budsjettjustering

Bruk av bundne fondsmidlar knytt til Holmedal kyrkje	Kr -22.000,-
Utstyr og inventar	Kr 22.000,-
Differanse	0,-

Samla forslag til budsjettjustering:

Konto	Konto (t)	Justering
INVESTERINGSBUDSJETTET		
49300.200.04200.000.1002.0	Bruk av tidlegare års mindreforbruk	-154000
49400.200.04200.000.1002.0	Bruk av ubunde fond (fellesrådsmidler)	-113000
49480.200.04200.000.1002.0	Bruk av ubunde kapitalfond	271000
49500.200.04200.000.1002.0	Bruk av bunde fond	-4000
		<u>0</u>
42700.200.04200.000.100X	Konsulenttenester	14000
49500.200.04200.000.100X	Bruk av bunde fond	-14000
		<u>0</u>
DRIFTSBUDSJETTET		
32000.200.04200.000.0	Inventar og utstyr	59000
39400.200.04200.000.0	Bruk av disposisjonsfond	8000
39500.200.04200.000.0	Bruk av bunde fond	-67000
		<u>0</u>

Samla oversyn over bruk av fond og unyttede midlar i 2017 (inkl. opphavleg budsjettvedtak)

	UB 31.12.16	Bruk 2017	Føremål	UB 31.12.17
Ubunde investeringsfond	159 617	159 617	Kvammen kapell rehabilitering takkonstr.	0
SUM		159 617		
Bundne driftsfond				
Kto. Askvoll kyrkje	11 523	5 000	Dåpssakristi Askvoll	5 523
Kvammen kapell	15 116	15 116	Kvammen kapell rehabilitering takkonstr.	0
Holmedal kyrkje	92 602	22 000	Golvløpar	70 602
Vilnes kyrkje	432 027	384 700	Vilnes: Lyssetting, parkering og forprosjekt utviding.	47 327
Askvoll kyrkje	23 809	23 809	Dåpssakristi Askvoll	0
Festeavgifter	57 281	57 281	Kvammen kapell rehabilitering takkonstr.	0
Rehab. Askvoll kyrkje	15 951	15 951	Dåpssakristi Askvoll	0
Gravfond	30 567	2 000	Gravstell (ordinær drift)	28 567
Trusopplæring	88 469	11 300	Trusopplæring (ordinær drift)	77 169
SUM		537 157		
Disposisjonsfond	UB 31.12.16			
Fellesrådsmidler	245 312	113 000	Kvammen kapell rehabilitering takkonstr.	
		132 000	Overførte tiltak frå VU-plan 2016	
SUM		245 000		312
Mindreforbruk i driftsrekneskapen 2016	153 943	153 943	Kvammen kapell rehabilitering takkonstr.	0
SUM		153 943		
TOTAL		1 095 717		

INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd vedtek restfinansiering for rehabilitering av takkonstruksjonen på Kvammen kapell i samsvar med forslaget frå kyrkjeverja.
2. Askvoll sokneråd set i gang eit forprosjekt for utviding av sakristidelen av Vilnes kyrkje. I første omgang vil dette omfatte å få utarbeidd arkitektskisser finansiert med bundne fondsmidlar knytt til Vilnes kyrkje.
3. Askvoll sokneråd vedtek å fornye dåpssakristiet, med ny kjøkkeninnreidning og oppvasksteamer i Askvoll kyrkje i samsvar med utarbeidd skisse. Fornyinga vert finansiert med bunde fondsmidlar knytt til Askvoll kyrkje.
4. Innkjøp av løpar til Holmedal kyrkje finansiert med bruk av bunde fond vert innarbeidd i driftsbudsjettet.
5. Kyrkjeverja føretek nødvendige justeringar drifts- og investeringsbudsjettet for 2017 som følgje av pkt. 1 til 4.

MØTEHANDSAMING

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd vedtek restfinansiering for rehabilitering av takkonstruksjonen på Kvammen kapell i samsvar med forslaget frå kyrkjeverja.
2. Askvoll sokneråd set i gang eit forprosjekt for utviding av sakristidelen av Vilnes kyrkje. I første omgang vil dette omfatte å få utarbeidd arkitektskisser finansiert med bundne fondsmidlar knytt til Vilnes kyrkje.
3. Askvoll sokneråd vedtek å fornye dåpssakristiet, med ny kjøkkeninnreidning og oppvasksteamer i Askvoll kyrkje i samsvar med utarbeidd skisse. Fornyinga vert finansiert med bunde fondsmidlar knytt til Askvoll kyrkje.
4. Innkjøp av løpar til Holmedal kyrkje finansiert med bruk av bunde fond vert innarbeidd i driftsbudsjettet.
5. Kyrkjeverja føretek nødvendige justeringar drifts- og investeringsbudsjettet for 2017 som følgje av pkt. 1 til 4.

FR 2017/24 Ny køyretilkomst/port til Gjelsvik gravplass

UTGREIING

Det er ei utfordring i dag når det gjeld tilkomst til Gjelsvik gravplass for mellom anna minigravar. Ein får det til i praksis, men dette krev at ein med visse mellomrom grev bort noko av topplaget ved gangvegen gjennom klokketårnet når minigravaren skal køyre gjennom (fordi denne er for høg til å komme under overbygget). Ein prøver difor å halde høgdenivået på bakken noko under bakkenivå, ved av og til å grave bort noko av topplaget ved undergangen. Dette ein unødig tungvint rutine.

Når ein har eit slikt søkk i bakken i portgjennomgangen vert situasjonen slik at særleg i dårleg ver vert det derfor «sølete» på einaste gangveg inn på gravplassen i samband med gravferder.

Ei løysing på dette kan vere å etablere ein alternativ tilkomst for minigravar og andre køyretøy, men dette krev at ein tek bort eit stykke (3 meter) av steinmuren som går rundt heile gravplassen. Beste plassen å gjere dette, både praktisk og estetisk, er truleg rett ved klokketårnet. Der muren vert fjerna, kan ein i staden setje inn ein smijernsport. Ein bør då prøve å ta igjen formen på eksisterande smijernsport i portgjennomgangen. Då vil ein ha full tilkomst til gravplassen for fleir typar køyretøy. Dei som arbeider på gravplassen meiner at venstre side for porten sett utanfrå er mest eigna.

I tillegg bør ein legge på eit topplag med singel/pukk på gangvegen under klokketårnet, slik at det vert slutt på problema med søle og vannpyttar på hovudtilkomstvegen for dei gåande.

På arealet langs med muren ligg gravrekkene nært opp til muren. På begge sider ved både eksisterande port og nyplanlagt port, er det sletta graver på begge første rekker. Ny tilkomst vil altså ikkje komme i konflikt med graver på denne sida av porten. Ved å legge tilkomsten her, vil ein måtte regulere bort 5 graver (sjå skisse). Alle gravene som her vert omfatta er allereie sletta og gravminna er tekne bort.

I vedlikehalds- og utviklingsplan for Askvoll sokn 2017 er det sett av kr 75.000,- til dette tiltaket.

Endringa krev godkjenning av Bjørgvin bispedømmeråd.

Saksvedlegg:
Prinsippskisse og fotografier.

INNSTILLING

1. For å betre tilkomsten til Gjelsvik gravplass for mellom anna minigravar, tek ein bort 3 meter av eksisterande steinmur, og set inn ein smijernsport som erstatning.
2. For å sikre god tilkomst inne på gravplassen, vert gravene GJ. A .1,1-5 tekne ut av bruk.
3. Eksisterande tilkomstveg gjennom klokketårnet vert opprusta.
4. Søknad om endringa vert oversendt Bjørgvin bispedømmeråd for godkjenning.

MØTEHANDSAMING

VEDTAK

1. For å betre tilkomsten til Gjelsvik gravplass for mellom anna minigravar, tek ein bort 3 meter av eksisterande steinmur, og set inn ein smijernsport som erstatning.
2. For å sikre god tilkomst inne på gravplassen, vert gravene GJ. A .1,1-5 tekne ut av bruk.
3. Eksisterande tilkomstveg gjennom klokketårnet vert opprusta.
4. Søknad om endringa vert oversendt Bjørgvin bispedømmeråd for godkjenning.